



TINN KOMMUNE

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Deres ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2023/2745-2 Liv Rigmor Flå, tlf. 417 00 503 K70 13.10.2023

Forslag til endringar i vassforskrifta - høyringsfråsegn frå Tinn kommune

Vi viser til høyringsbrev og høyringsdokument frå Klima- og miljødepartementet (KLD) 30.08.2023 vedrørande forslag til endringar i vassforskrifta. Tinn kommune har handsama endringsforslaget administrativt, og gjev med dette følgjande innspel til forslaget:

Om forslag til endringar i § 12

Eftas overvakingsorgan (ESA) har fleire gonger anført at § 12, 2.ledd bokstav b ikkje gjenspeglar ordlyden i vassdirektivet i tilstrekkeleg grad. KLD foreslår difor at bestemmelsen bør endrast til

«Inngrepene eller aktivitetene skal være begrunnet i overordnede samfunnsinteresser, eller deres nytte for menneskers helse, sikkerhet eller en bærekraftig utvikling skal være større enn nytten for miljøet og samfunnet av at miljømålene nås.»

Vi foreslår følgjande justeringar i ordlyden i dette forslaget:

«Inngrepene eller aktivitetene skal være begrunnet i overordnende samfunnsinteresser, eller deres nytte for menneskers helse og sikkerhet, eller i en bærekraftig utvikling som skal være større enn den nytten som miljø og samfunn vil ha av at miljømålene nås.»

Om forslag til endringar i §§ 28 og 29

Tinn kommune støttar forslaget om å gjeninnføre seks månader høyringsperiode for både planprogram og førebels oversikt over hovudutfordringar i § 28, og for utkast til oppdatert vassforvaltningsplan i § 29. Dette vil gje meir rom for å gjennomføre grundige og breie høyringsprosessar med involvering og medverknad.

Tinn kommune støttar også forslaget i § 29 om at tidsrommet som fylkeskommunen har til å oppdatere vassforvaltningsplanane og vedta planane i fylkestinga, blir forlenga med seks månader, d.v.s. fram til starten av påfølgjande planperiode.

I dagens forskrift har Miljødirektoratet ein frist på tre månader frå vedtak av vassforvaltningsplanane i fylkestinga, til å gje ei tiltråding til KLD vedrørande godkjenninga av planane. Tinn kommune er samd i at denne fristen kan fjernast. Da det ofte skjer til dels store endringar i planen ved godkjenninga i KLD, t.d. for kraftpåverka vassførekommstar, vil vi likevel foreslå at § 29 har ein bestemmelse om at planane skal vera ferdig godkjent i KLD innan utgangen av det første året i ny planperiode.

Om forslag til endringar i § 33

Miljødirektoratet kan i dag gjera endringar i dei tekniske vedlegga Va og VIII i forskrifta. Det er

formålstenleg at direktoratet også kan gjera endringar i det tekniske vedlegget IX.

Om forslag til endringar i vedlegg I

For vassregionar som blir berørt av ny fylkesinndeling foreslår KLD å gå tilbake til vassregioninndelingane som var før 01.01.2020. Dette betyr m.a. at Vestfold og Telemark vassregion blir oppløyst ved utgangen av 2023, for deretter å danne Vest-Viken vassregion saman med Buskerud. Buskerud fylkeskommune er foreslått som vassregionmyndigkeit (VRM) i nye Vest-Viken vassregionen. Buskerud var også VRM da Telemark, Vestfold og Buskerud var saman i Vest-Viken vassregion fram til 2020.

Hovedutvalget Telemark har innstilt på å vidareføre Vestfold og Telemark vassregion etter at Vestfold og Telemark igjen blir eigne fylke, og med Telemark fylkeskommune som VRM. Derimot innstilte Hovedutvalg Vestfold på at vassregionen også bør omfatte Buskerud.

Vår vurdering er at det vil medføre små eller ingen endringar for vassforvaltninga i Telemark om arbeidet er organisert som i dag i Vestfold og Telemark vassregion, eller om vassregionen også omfattar Buskerud.

For Buskerud og Vestfold vil det truleg vera meir formålstenleg om arbeidet blir organisert slik det var før 2020. I dagens organisering ligg Numedalslågen i Vestfold og Telemark vassregion, medan resten av Buskerud er ein del av Viken og Innlandet vassregion. Mange av innbyggjarane i Vestfold har Eikeren som drikkevasskjelde. Eikeren er i dag ein del av Viken og Innlandet vassregion. Totalt sett meiner vi såleis at vassforvaltninga i regionen vil vera tent med at arbeidet blir organisert i Vest-Viken vassregion.

I prinsippet kan alle tre fylkeskommunane i nye Vest-Viken vassregion utpeikast som VRM. Tinn kommune ser det ikkje som avgjerande for eit godt vassforvaltningsarbeid kven av fylkeskommunane som blir ny VRM. Vår erfaring var at arbeidet etter vassforskrifta fungerte godt da Telemark tilhøyrt Vest-Viken vassregion med Buskerud fylkeskommune som VRM. Likeins oppnådde Vest-Viken vassregion gode resultat i dei nasjonale evalueringane som vart gjennomført av vassforvaltningsarbeidet i førra planperiode.

Retting av feil i vedlegg I

Numedalslågen er utegløymt i omtalen av Vest-Viken vassregion i tabell 1 i vedlegg I

Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei nasjonale evalueringane i førra planperiode viste m.a. at godt fungerande vassområde er viktig for gjennomføringa av vassforskrifta. Avgjerande for at Telemark hadde godt fungerande vassområde da vi var ein del av Vest-Viken vassregion, var at vi hadde ein dedikert vassregionkoordinator i Telemark fylkeskommune som følgde opp vassområda i eige fylke på ein god måte, og som samarbeidde tett med VRM i Buskerud fylkeskommune. Økonomiske og personellmessige ressursar i vassområda og den enkelte fylkeskommune er såleis ein avgjerande faktor for å få gjennomført arbeidet etter vassforskrifta. Overføringane frå staten til vassforvaltninga bør difor aukast i takt med at vi går frå 9 til 10 vassregionar frå 2024.

Med helsing

Olav Lahus
kommunalsjef samfunn

Liv Rigmor Flå¹
rådgjevar

Brevet er signert og godkjent elektronisk og inneholder derfor ingen signatur.

Mottakere av dette brevet:
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET